



Røssland lovar sommaropning frå pinsa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No når Vertshuset er lagt ut for sal kan det lett bli forvirring rundt opning eller ikkje i sommar. Eigaren Røssland ønskjer difor å presisera at det skal drivast uansett sal.**

- Vertshuset som eigedom heng ikkje saman med driftselskapet, påpeikar han for uskedalen.no.
- Og kva tyder det med omsyn til den sommersesongen som ligg framfor oss?
- Det tyder at Vertshuset Drift AS skal køyra full sesong som startar allereie i pinsa uavhengig av om huset blir selt eller ikkje.

Vi har mykje spennande på programmet også denne sommaren og skal presentera det så snart det er klart, seier Røssland .

Han opna Vertshuset i 'ny regi' i juni i fjor etter å ha kjøpt det for tre år sidan.

Dagleg leiar i Vertshuset Drift AS Maria Laxheim opplyser at det no er moglegheiter for alle uskedelingar over 18 år til å søkja sommarjobb på Vertshuset.

- Vi gler oss til ein ny sesong, seier ho.

Av Ola Matti Mathisen.